Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3.

Fylke: N. Tröndelag.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Lånke.

Emne: Brynet. Dybvad

Bygdelag:

Oppskr. av: Johan P. J. Dybvad

Gard:

(adresse): Hell p. å

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Spursmål 1:

Ordet heim er det vanlege benemning for alle slags bryner her i Lånke.

Spursmål 2:

Det brukes for det meste heimer av naturstein. Det fins eit heimbrudd i bygda; det vil si, på Leksdals almenning. Ein stor skogstrekning som tilligger bygda. Dei finnes i ei elve som heiter „Nevra". Derav namnet „Neverheim." Steinen i dette bruddet har ein bla-brun farge og er svert fin. Dei er ypperlig til kniver og finere verktöy. Dette heimbruddet drives ikkje no lenger men det synest at det er tatt ut nokså mye i eldre tider etter gruvehullene å dömme. Folk hentet seg nok heimer sjölv men det var nok nokon

254

som tok ût og var på Trondheims-
marknaden med og solgte.
Dei heiner av natûrstein som
no er i handelen her i bygda
er kommet frå Soknedal.

Spûrsmål 3:
Alle redskaper blir først slipt
på slipestein og sia finpûsset
med hein.

Spûrsmål 4:
Ein kan ikkje påvise at det
er brûkt andre metoder for å
kvesse redskaper med. I så
tilfelle så er det i dei eldste
tider.

Spûrsmål 5:
Nei ein kjenner ikkje til
nokkon slik måte å slipe på.
I eldre tider da slåtten fore-
gjikk med bare ljå så vart
nokk slipesteinen tatt med
ût på jordet for å spare tid.
Likeins ved ûtmarkslått.
Hvor gammel denne skikken
er kan ikkje seiast.

Spûrsmål 6:
Ein kan brûke ljåen økta ût
millom kvar gong ein slipar,
ellest kan vær og andre for-
hold på slåtteteigen spille inn.

Spûrsmål 7:
Det brûkes bare heiner av stein
til ljåen. Lange, smale heiner

254

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

som brukes på begge sider.

Spursmål 8:

Folk lar ljåen sitte på orvet når dei sliper.

Spursmål 9:

Under heining settes den frie enden av orvet ned på bakken og enden hvorpå ljåen er festa settes op mot brystet. Spissen på ljåen rett framm. Venstre arm holdes nesten strakk ut=etter ryggen på ljåen.

Med högre arm holdes heina rett op ned og strykes mot ljåen vekselvis ein gong på kvar side.

Det brukes bare langorv.

Spursmål 10:

Her i bygda kalles koppen som heina beres i for ~~strok~~ strokkhus. Det er av tre; men det forester for det meste kommet ut av bruk.

Spursmål 11.

Det kjennes ikkje til.

Spursmål 12:

Koppen vart festa på slike=remmen og vart båret bak.

Spursmål 13:

Man fukter heiner av stein med vatn eller man simpelthen spytter på dem.

Spursmål 14-2o. Nei det har ikkje lyktes å få nokko kjenskap til slikt.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING